Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE
Postboks 4

5906 FREKHAUG

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| Transport og samfunn | Ingelin Garen / 55516345 | 22/80866-2 | 22/2217 - 22/32186 | 13.05.2022 |

# Uttale til søknad om dispensasjon frå plankrav for arealoverføring - gnr. 212 bnr. 2 - Eikanger øvre - Alver kommune

Vi viser til brev frå Alver kommune, dagsett 27.04.2022. Brevet gjeld søknad om arealoverføring og dispensasjon frå plankrav og er oversendt Statens vegvesen for uttale.

Av saksopplysningane går det fram:

*Saka gjeld søknad om arealoverføring av 736m² frå gbnr 212/2 til gbnr 212/59 for areal teke i bruk til garasje m.m. Det vert elles vist til søknad om arealoverføring motteken 09.03.2022 og til søknad om dispensasjon motteken 25.04.2022.*

***Planstatus***
*Arealet ligg i uregulert område sett av til Bustadformål i kommunedelplan for Lindås (tidlegare kommuneplan for Lindås). Det er krav om at areal sett av til bustadformål skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til mellom anna arealoverføring. Pkt.2.2 i kommunedelplanen (KDP).*

*I tillegg ligg arealet innan for bandleggingsone for ny E39. (Omsynsone H710_10)*

**Uttale:**
Til denne dispensasjonssøknaden uttaler Statens vegvesen seg som forvaltar av riksveg.

Førebels utkast til plankart for Kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefetunnelen ( Alternativ F3-V3-M2-A2) viser at aktuelle eigedomar, gnr. 212 bnr. 59 og gnr. 212 bnr. 2 ligg innanfor planområdet. Plankartet viser tunnel på dette strekket. Etter det vi har fått opplyst er det berre søkt om dispensasjon frå plankrav for overføring av eit mindre areal frå gnr. 212 bnr.

2 til gnr. 212 bnr. 59. Vi kan ikkje sjå at tiltaket råkar Statens vegvesen sine interesser knytt til planlegginga og har difor ikkje merknadar til denne dispensasjonssøknaden.



Figur 1 Utsnitt av framlegg til plankart Alternativ F3-V3-M2-A2

Transport vest, Transportforvaltning
Med helsing

Frode Moen Aarland
seksjonsleiar

Ingelin Garen
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*